

MINNE FRÅ BARNEÅRA

Johannes R. Leiro

Johannes R. Leiro f. 1911 er son til Inger og Reinert J. Leiro, som ei tid var brukarfolk på garden Leiro i bygda Eidslandet. Garden ligg vel 2 km søraust for Eikefet, 1,5 km aust for Myster. Tunet ligg 333 m.o.h. nord for Leirovatnet. (Kjelde: Vaksdal bygdebok III s. 200 - 201 og s. 217)

Johannes er no 85 år, og bur i California. For om lag 40 år sidan drog han og familien hans til U.S.A.

Då far min var i 18 - 20 årsalderen reiste han ut til Arna sokn og kjøpte seg ein gard på Langedalen. Syskinbarnet hans, Simon Nesse hadde kjøpt seg gard der tidlegare. Dette gjorde vel noko til at han valde denne staden.

Han vart kjend med ei jenta som tente på nabogarden. Ho var frå Åsheim på Osterøy, på andre sida av Sørfjorden. Dei vart gifte, og eit par år seinare kom eg til verda. Bestefar var då over 60 år gamal, og tykte det vart for strevsamt på Leiro. Han fekk overtelja far til å selja garden på Langedalen og ta over Leiro. Sjølv kjøpte han seg eit stykke udyrka jord av garbrukarane på Myster. Det var Nordheim, eller Myri som dei kalla det då. Der sette han seg opp ei lita stove.

Eg var fire år gammal då me flytte til Leiro, men likevel hugsar eg det godt. Det var i midten av oktober, og snøen kom tidleg det året. Far gjekk først opp med ei dugeleg byrda med flyttegods. Så kom han Olav, bror hans far, til møtes med oss. Han tok Lars, bror min, på armen. Lars var då 1,5 år. Men eg var «stor kar» og skulle gå sjølv. Ho mor og eg fekk ta det med ro oppover. Dette var no berre ein månad før ho Helga syster mi vart fødd. Snøen var djupare etter lengre opp me kom. Då me kom opp på Stigen rakk han opp på knea mine, og kreftene minka fort, så ho mor måtte ta meg opp på armen stykkevis, endå ho hadde nok å bera frå før. Eg kan hugsa at eg spurde henne om Leiro var ratt oppe i Himmelen. Ho måtte le, endå så trøytt ho var. «Nei ikkje ratt», svara ho. Så det var då ei trøyst. Då me kom opp i Kråni kom han Olav nedover mot oss att, og så tok han meg på ryggen resten av vegen.

Dette var i krigsåra under første verdenkrigen. Far braut opp jord og laga åkrar som han sådde til med havre, så me fekk mykje korn. Han treskja det med tust, og så var det å bruка sold og dryftetrog for å få agnene ut or kornet.

På døralemmen hadde me si stor kornkiste, og ei mindre. Dei var fulle med korn. Inne på stovelemmen sette han 5 - 6 sekker fulle med korn. Han tenkte på om han skulle gøyma desse unnan, for han venta at det ville verta oppskrive kor mykje korn kvar gardbrukar hadde, på grunn av rasjoneringa. Eg hugsar godt då han Lars Eide kom og skulle skriva opp kornet. Då såg han fyrst på kistene og mælte dei. Så opna han far døra til stovelemmen og sa: «Kom her». Så synte han fram dei sekkane som stod der. Men eg kan ikkje hugsa om han Lars skreiv noko om dei.

Me hadde ei kvern som var i bra stand. Me turka kornet og mol det på kverna. Mjølet brukta me mest i graut og flatbrød. Maten elles var spekekjøt og

flesk, spekesild, lutfisk og klippfisk. Sette me garn ut i vatnet om kvelden, så kunne me rekna med fisk til middag dagen etter. Når silda kom, kjøpte me som regel eit par kassar med sild. Noko åt me medan silda var fersk, men mesteparten salta og røykte me. Det var lite me såg av kontante pengar. Mesteparten kjøpte me på «borg». Om hausten hadde me slaktesauer til å betala av på skulda med. Om vinteren var det gjerne ein okse eller ein gris me kunne selja. Smør hadde me til sals så og seiа heile året.

Så lenge krigen varde var det ofte vanskeleg å få kjøpa olje til lampar og lykter, så då støypte me talgljos for å spara på olja. Om vinteren vart vevgogna sett



Johannes O. Leiro m/familie
Person opplysningar s. 36

Utlånt av Lars Leiro

opp i stova, og mor sat med veven mellom matlaging og stellet i floren.

Det var vadmål til bukser og kvitlar til sengene. Varpet kjøpte me, men veften spann ho sjølv. Ho måtte og spinna garn til sokkar og leistar. Strikkinga gjorde ho for det meste om sumaren på veg til og fra kyrne, som ho mjølka ute kveld og morgon. Dei gjekk for det meste i lida oppe mot Storfjellet, og nordover i Dalen. Det kunne vera ein lang veg stundom. På den sida av fjellet som hallar nedover mot Eikefet og Eikemo, var det som ei lang to. Me kalla den Storehjellen. Den gjekk heilt inn til brekkena oppe for Høvikstolen. Det hende jamlvel at kyrne var komne heilt ned på stolen. Då måtte ho jaga dei føre seg oppatt den bratte brekka.

Så kom tida då eg skulle byrja på skulen. Det var bror til far min som hadde vore lærar på Eidsland, men han var slutta der sidan han fekk seg post på Dale. Skuleåret byrja 1. mai, og når dagen kom, tok mor meg med, og me møtte opp i skulestova. Det var ei gamal lærarinne frå Sogn. Ho var lang og tunn og svært streng. Det er alt eg hugsar om henne. Me gjekk til henne berre nokre veker før sumarferien. Om hausten fekk me den nye læraren. Det var Knut Mo frå Modalen.

Det gamle skulehuset låg langt inne på Eide og næreste grannen var Bråten. Han var ein gammal plassmann. Den tid var det ikkje noko alderstrygd, så folk måtte prøva å arbeida så lenge dei kunne for å skaffa seg mat. Bråten tøvde rulabbar, og ho Brita kona han sat attmed han der i kjellaren og kara ulla til labbane. Han var ein koseleg kar, så me ungane var ofte bort og prata med han. Stundom fekk me kvar sitt eple. Han hadde to aplar. Skulehuset hadde berre eitt klasserom, og var der bustad for læraren. Eg trur det var berre stove og kjøk nede, med soverom oppe på lemmen. Der var eit lite rom attått klasserommet, der læraren kunne sitja og retta stilbøker og slikt. Der var plass til bøker og andre skulesaker. Når veret var fint, stod glaset ofte ope der, og når me stod oppmed veggen og prata, så kunne han få greie på både det eine og det andre, utan at me visste det.

Då skulen byrja att om hausten etter sumarferien hadde Målaren (Johannes Jakobsen) vore der og pussa opp alle pultane og eikemåla dei, så dei var blanke og fine. Skulestova elles var umåla. Der var ein stor vedomn til å varma opp rommet med om vinteren. Han Lars Eide kom og kveikte opp i omnen tidleg om morgenon, så det var varmt og godt når skuleborna kom. Fyrste timen var det alltid Bibelsoga eller katekisma. Bordplata på pulten skrådde litt, og me kunne skyva den ned mot oss om me ville. Då kom blekkhuset til synes. Det stod i kråa på høgre sida under plata. Me brukte penn og blekk den tida. Eg hugsar at læraren ein gong sa til oss, at det var ei skam at me var så lite sjølvhjelpte her i landet, at me måtte kjøpa pennehaldarar frå Tyskland. Han ville at me alle skulle hava pennehaldarar som var laga i Norge. Me kunne få far eller ein eldre bror til å laga det til oss, om me ikkje greidde det sjølve. Til neste skuledag hadde eg laga min eigen pennehaldar. Læraren såg det og tykte dette var bra. Det var fleire av borna som ikkje hadde nokon heime som kunne hjelpe dei med dette. Så det var fleire som kom til meg og spurde om eg ville laga pennehaldarar til dei og.

Jau, eg tok imot tingingar, og prisen var 10 øre for kvar pennehaldar. Dei fleste betalte kontant, men det var og dei som måtte få det på avbetalning.

Ein annan som budde nær skulen var han Vetle-Joans. Han var bror til Jakob Eide som hadde garden, og hadde aldri vore gift. Huset han budde i kalla me Suntumhuset. Det stod frampå kanten til brekka som gjekk ned til Eksingedalsvegen. Det var no meir som ei brakke, og det hadde namnet etter ein ingeniør som budde i det då dei bygde vegen i Eksingedalen. Når jakttida byrja om hausten kom han opp til oss på Leiro. Han lika å gå på jakt. Han hadde ei fin hagle med to løp. Stundom kom han att med fugl i ryggsekken og. Han var sluttar å gå ut på arbeid då eg kjende han, men han prøvde å tena seg litt pengar. Han laga river og selde. Så laga han bærkorger. Den tid sende dei mykje blåbær til England. Desse korgene var omlag 40 cm lange og 15 cm breide og like djupe, med eit handtak på midten. Eg tenkjer han laga til materialen med å høvla av tjukke spoar på kanten av ein rå furuplank.

Fyrste par åra medan eg gjekk på skulen, budde eg hjå besteforeldra mine på Nordheim den tid på året då dagane var på det kortaste, og veret var dårleg. Både bestefar og bestemor var flinke til å fortelja frå gamle dagar. Bestefar var frå Lavikhaugen. Ein gong fortalte han at då han var omlag 13 år gammal vart han send opp til Gullbrå og skulle hjelpe til med å hogga ved. Han sa at dei budde i ei steinstove. Han sa ingen ting om det, men eg tenkte det måtte vera hjå slektingar. Seinare i livet vart han handelsstyrar i handelslaget på Eidsland. Men hugen han stod til gardsarbeid, og då dei som budde på Leiro ville reisa til Amerika, kjøpte han garden av dei. Han tykte det var betre om der hadde vore grannar, så han let Lars Lavik som var gift med Marjo (Maria) syster hans, få kjøpa halve garden.

Lars og Marjo fekk dei gamle husa, og bestefar bygde nye hus. Timberet til stova kjøpte han på Eikefet. Dei tok det ned til saga på elva når ho var passeleg stor. Saga stod der som elva frå Dalen kom ned. Stova skulle vera 8 x 8 alner innvendig. Det vil seia at timberstokkane måtte vera minst 5,45 m lange, då bestefar ikkje ville hava skøyt på stokkane i veggen. Timberet vart skore 4 tommar tjukt om omlag 10 tommar breidt. Men dei stokkane som gjekk inn til glas- og døropningar skar dei av på saga. Det var så og seja rein alen. Bestefar sa at han trudde ikkje det var for ein stokk med geita i heile stova.

Men så var det til å få timberet opp på Leiro. Han snakka med Bråten. Dei vart einige om at han skulle bera det opp for 50 øre stokken. No kunne Bråten ha leigt seg hest og køyrt stokkane inn til Myster-garden, men han tykte det ville gå for mykje av 50-øringane då, så han bar stokkane heilt frå saga og opp på Leiro. Han hadde fire snikkarar som arbeidde på kvar si nov då dei bygde. Det var han Lars, naboen, så var det Johannes Nesse (Teinleen), han var vel ikkje fullt utlærd då. Den tredje var han Lars Myster. Han var ikkje snikkar, men smed. Han arbeidde så nøyaktig at det kunne ikkje vera ein millimeter gap nokon stad. Så han let det ikkje vera sigrom

i novi. Så når stokkane turka og kraup, så vart dei hangande att i nova og fall ikkje saman slik som dei skulle. Han hadde nova attmed kjøkkendøra. Det viser endå kor dei måtte kitta i opningane mellom stokkane der. Døra ut til kjøken var ikkje der frå først av. Det var Johannes Nesse som laga døra og sett inn seinare. Eg kan ikkje hugsa kven den fjerde snikkaren var.

Den tid var det vanleg at dei skøyte alle golvborda på same golvbjelken, så det vart ein skøyt på golvet tvers over heile stova. Men bestefar ville ikkje hava skøyt på golvet, så han fekk dei til å høvla og pløya borda i full lengde. Det var fyrste stova i krinsen som hadde eit slikt golv.

Bestemor tala ofte om kva ho tykte var tyngste taket med husa. Det var skorsteinspipa. Det gjekk med 700 steinar til den. Dei køyerde dei inn til Mysterarden, også måtte dei bera dei på ryggen opp på Leiro. Ho sa at dei tykte ikkje dei kunne unna seg den luksusen å gå opp lida utan mursteinsbyrda, om dei så kom heimatt frå kyrkja. Bestemor bar murstein til liks med bestefar.

Innanfor Mysterarden hadde me eit lite hus der me sette inn ymse ting me skulle bera opp på Leiro. Der byrja og fyrste brekka på vegen, det var Furebrekka. Når me kom opp på denne brekka, var det nokså flatt eit stykke til me byrja på Kvilesteinsbrekka. På denne flaten var det tett i tett med store sprakebusker. Dei var ei full mannshøgd. Han Magne Kallestad fekk hogga sprake til ved, så mykje han berre ville. Han hogde og bar heim sprake til han var oppi nittiåra. Dei lengste og tyngste greinene brukta han til å laga kiper av.

Den tid hadde me ikkje radio eller TV. Ikkje var der kino eller noko slikt heller. Etter at ungdomshuset vart bygt, hende det at det kom einkvan reisande og syntre fram film. På Mysterøri, mellom Målaren sitt hus og Rinden var der ein open fin plass. Der var ikkje noko nemnande gras heller, så det vart som ein leikeplass for born og ungdomar. Der var ofte einkva der som spela krokkett. Når rutebåten kom frå Bergen var det mange av ungdomane som møtte opp på bryggja, særleg laurdagskveldane. Til venstre frå sjøbua til handelslaget hadde han Jakob Nesse ei lita smie. Det han mest arbeidde med var navavarar, spikarborar og rivenavarar som me kalla det. Elles kom dei vel til han med litt av kvart, både sledeskoning og anna. Han hadde eit rom der som han budde i. Om kveldane kledde han seg opp litt, tok på seg hatt og trøya, fann pipa si, og gjekk og reika fram og tilbake på vegen.

Frå sjøen var det noko bratt veg opp til husa på Eide og derifrå var det ein smal og bratt veg ned til bruha over elva. Me kalla det Stølabrotet. Når det var kalde vintrar, fraus fjorden til, så rutebåten greidde ikkje koma inn til Eidslandet. Sørfjorden var alltid open til Stamnes, men Osterfjorden kunne vara frozen ratt ut til Storholen. Då måtte alle varer til og frå båten køyrast med hest og slede frå båten og inn til Eidsland. Det var ikkje mykje hjelp i å taka varene til Stamnes heller, då vegen frå Stamnes og innover langs fjorden ikkje var komen. Det var mykje snakk og planar om vegen i mange år før han vart bygd.

Eg hugsar ei soge om han Stor-Olav Eide. Han var mellom 50 og 60 år då han vart gift, så dei hadde laga til ein retteleg stor smell då dei skulle skyta for han. Han hadde for vane å kremta før han sa noe. Så sa han « Hm, er dei byrja på vegen?» Dette var no meir enn 10 år før arbeidet tok til. Eg hugsar han Stor-Olav køyrdet ved forbi skulehuset om vinteren. Han hadde surra lasset på sleden med nye reip han hadde laga av almebork.

Ja dette er noko av det eg hugsar frå barneåra.

Opplysningar om biletet på side 32.

Sitjande framme,

foreldra Johannes O. Leiro (1853-1939) og Helga J. Leiro (1853-1949).

Borna frå venstre:

Jakob f. 1890- død i Amerika

Johannes (1885-1963) lærar på Dale.

Olav (1884-1927)

Reinert (1887-

Andreas (1892-1976)